

Trivnadsreglar

For treningscenteret på HVL Campus Stord

1. Treningscenteret er tilrettelagt for undervising og til å vera eit velferdstilbod for studentar og tilsette ved HVL. Eit brukarråd har ansvar for retningslinjer og drift av senteret.
2. Undervising har førerrett framføre treningsaktivitetar. Trening kan likevel skje i tider på dagen mellom undervisingsøkter, jmf. timeplan for kroppsøving.
3. Treningscenteret har ikkje tilsette instruktørar og all trening skjer på eige ansvar.
4. Tren gjerne saman med nokon, og helst ikkje aleine, i fall noko upårekna skulle skje. Senteret er ope for undervising og trening mellom kl. 06.00 – kl. 23.30.
5. Senteret er knytt til høgskulen sitt tilgangskontrollsystem. Berre dei som er tildelt bruksrett til Treningscenteret vil kunna få tilgang.
6. Tilgangsrett skal tildelast til faglærarar i seksjon for kroppsøving, studentar som tek årseining i kroppsøving eller tek idrettsfag, betalende medlemmer i Råmund studentidrettslag og i bedriftsidrettslag for tilsette. Desse brukargruppene (kroppsøvingssesksjonen, Råmund og bedriftsidrettslaget) saman med Studentsamskipnaden på Vestlandet (Sammen), dannar brukarrådet.
7. For medlemmene i Råmund og i bedriftsidrettslaget gjeld at dei må betala kontingent til sine lag for å få tilgangsrett.
8. Medlemmene skal bruka sitt personlige kort/tag, uansett om dørene er opne eller om ein kjem saman med andre medlemmer. Dette er eit kontroll- og tryggleikstiltak. Medlemmer som ikkje har med seg gyldig bevis for betalt medlemskap, vil bli viste bort frå treningscenteret. Dersom det gjentek seg, vil ein bli bøtelagt med kr 300. Medlemmer som gir ikkje-medlemmer tilgang, vil og bli bøtelagt med kr 300.
9. HVL/Sammen/Studenttinget/Råmund/bedriftsidrettslag har ikkje ansvar for eventuelle skader på person eller gjenstand. Brukarane skal sjølv sjå til at treningsutstyr fungerer før bruk. Feil, manglar og behov for ettersyn/service, skal snarast meldast til treningscenteret sitt brukarråd på e-post: Treningscenteret-SH@hvl.no Spesifiser at det gjeld treningscenteret på **Stord**. Merk utstyret: "I UORDEN".
10. Hygiene er viktig, ta difor med eigne sko og treningshandklede og bruk desse når du trenar. Tørk av apparat etter bruk med papir og desinfeksjonsmiddel.
11. Ikkje bruk klede som kan virke støytande, ta omsyn til andre, bruk garderobeskåp og hald god orden!
12. Medlemmer som deltek på aktivitetar i regi av Råmund gir samtykke til at bilete kan publiserast. Ta kontakt med aktivitetsleiar om du ikkje ynskjer dette.
13. Brot på trivnadsreglar og anna reglement kan føra til utestenging frå treningscenteret.

Stord, august 2017.

Eg har lest og godteke trivnadsreglane. Eg skriv under og leverar originalen i Servicetorget og får kopi:

Stad

Dato

Namn (blokkbokstavar)

Underskrift

Mobilnr.